



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Referat frå møte i Øystre Slidre ungdomsråd, torsdag 08.09.2022

Stad: Tingvang

Møtt: Eirik Bråten, Jostein Sørensen, Ingrid Stalenget

Ikkje møtt: Kristin Alfstad. Erlend Aasan. Ingen vara var tilgjengeleg.

For kommunen: Øystein Skattebu

22/5 Orienteringssaker

Nettverket E-sportsenter

Øystein informerte kort om planane og status på prosjektet.

Framdrift og aktivitet kan følgjast på: www.facebook.com/nettverketesport

22/6 Ny modell for forhandlingsmøtet

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet behandla i sak 22/1 – *Drøfting av ny modell for forhandlingsmøtet* – om kommunen bør endre føringane for gjennomføring av forhandlingsmøtet mellom elevråda og formannskapet, samt bruken av dei øvrige midlane som kvart år vert avsett til å styrke *ungdomsdemokratiet* i kommunen.

Kommunen set årleg av 62 000kr til dette føremålet, der midlane er fordelt likt mellom forhandlingsmøtet og ungdomsrådet. Ungdomsrådet har tidlegare hatt føringar som seier at dei skal skape arrangement og aktivitet for ungdom, der dei kunne nytte desse midlane. I dei nye føringane er ikkje dette lenger eit krav, og det er større fokus på at ungdomsrådet skal vere eit innspels- og høyringsorgan i politiske saker som angår og opptek ungdom. Dei siste åra har Ungdomsrådet fordelt desse midlane som støtte til ulike ungdomstiltak, som mekkeverkstad, bygging av skatepark, inventar og aktivitetsutstyr på klubben og i Lydkåken og.l.

Forhandlingsmøtet mellom Lidar skule, Rogne skule og formannskapet er i seg sjølv ein god tradisjon, med intensjon om å gje ungdom anledning til å møte politikarar, lære om politiske prosessar og prioriteringar, og argumentere for eigen sak. Ungdomskonsulenten er av ei oppfatning av at noko ved dette møtet kanskje bør endrast, grunna ulike utfordringar knytt til gjennomføring av møtet, samt oppfølging og gjennomføring av tiltak dei får pengar til.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomsrådet og forhandlingsmøtet og deira funksjon og modell har i stor grad utgangspunkt i eit prosjekt kommunen gjennomførte i 1999-2001, kalla «*Aktivt ungdomsdemokrati*». Bakgrunnen for prosjektet var eit ynskje om å syne «*at dei unge er ein viktig ressurs for kommunen, og at deira engasjement er ein føresetnad for eit levande demokrati. Målet med prosjektet var å stimulere barn og unge til aktivt, organisatorisk arbeid, få dei unge med i planprosessar i kommunen, betre deira oppvekstvilkår, og gje denne målgruppa eit positivt bilete av heimkommunen slik at dei blir verande i bygda eller vender attende etter fullført utdanning.*» (Ordførar Gro Lundby, Oppland Arbeiderblad 25.9.1999).

I 2000 gjennomførte kommunen det fyrste forhandlingsmøtet, under namnet «Ungdomens kommunestyre», der elevråda ved Lidar, Rogne og ØSBUS forhandla om 100 000kr. Som resultat av dette møtet, vart mellom anna Lydkåken Rockeverkstad etablert etter initiativ frå elevrådet ved ØSBUS. Dette tilbodet eksisterer framleis i kommunen.

Utfordringar ved forhandlingsmøtet i dag:

Sidan tidleg på 2000-talet har potten i forhandlingsmøtet vore på 30 000kr. Dei siste åra har det vorte tydeleg at 30 000kr er lite, og at midlane ikkje strekk til for å kunne realisere dei tiltaka elevane ynskjer seg. Det har tidvis vore forsøkt å avsette desse midlane for å kunne spare opp midlar til større tiltak – noko kommunekassa no ikkje lenger aksepterer. Føringane for forhandlingsmøtet seier at midlane skal nyttast det året dei vert tildelt.

Som eit resultat av dette, har me ved fleir høve sett at pengane ikkje har vorte nytta. I 2020 vart det fatta vedtak om at Lidar fekk heile potten til eit større tiltak, mot at Rogne skulle få heile året etter – utan forhandlingar.

Ungdomsrådet har også kome med innspel om at elevrådet ved ØSUS bør få vere med i forhandlingane, då elevane der også ynskjer midlar til tiltak for aktivitet og trivsel på skuleområdet.

Vedtak:

Ungdomsrådet ynskjer å koma med framlegg til ny modell for forhandlingsmøtet, der Lidar og Rogne skule, samt ØSUS kan møte ved forhandlingane. Modellen skal leggest fram og bli vurdert politisk i samband med vedtak om budsjett for 2023.

Ved innføring av ny modell frå 2023, ynskjer ungdomsrådet at heile potten på 62 000 kr som er sett av til ungdomsdemokrati skal inngå i forhandlingsmøtet, og at politikarane aukar denne potten med 38 000kr i året, slik at forhandlingane vert om 100 000 kr frå 2023. Dette vert lansert som budsjettinnspel frå Ungdomsrådet.



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomsrådet ber Øystein, med utgangspunkt i ungdomsrådet si drøfting, om å utarbeide eit forslag til modell for nytt forhandlingsmøte – under det gamle namnet «Ungdomens kommunestyre». Ungdomsrådet vil ta stilling til framlegget på neste møte.

Framlegget vil så bli sendt til administrasjonen og formannskapet, med høve for tilbakemelding og justering av modellen. Ungdomsrådet ynskjer at modellen skal opp som sak i kommunestyret i desember.

22/7 Bruk av Ungdomsrådet sine midlar for 2022

Bakgrunn for saka:

Ungdomsrådet har årleg 32 000 kr som kan nyttast til tiltak som skapar aktivitet og tilbod til ungdom i kommunen.

Drøfting i møtet:

Ungdomsrådet drøfta moglege tiltak og nytte pengane på.

- Eirik Bråten kom med forslag om å nytte pengane på etablering av Nettverket E-sportsenter (NE-S).
- Jostein Sørensen kom med forslag om å støtte idrettslaga.

Vedtak:

Ungdomsrådet vil sjå meir på denne saka i neste møte

22/8 Val av nytt Ungdomsråd

Bakgrunn for saka:

Det skal gjennomførast nytt val av ungdomsrådsmedlem i overgangen september/oktober 2022. Det er politikarane som godkjenner medlemmane i ungdomsrådet. Saka skal opp i kommunestyret 6.oktober 2022.

Drøfting av representantar:

Alle representantane i ungdomsrådet ynskjer å halde fram i neste periode. Ungdomsrådet kom med forslag til nye kandidatane til personlege varamedlem, der me manglar nokre personar for neste periode.

Vedtak:



Øystre Slidre ungdomsråd

v/Eirik Bråten

Bygdinvegen 1989, 2940 Heggenes

Ungdomsrådet innstiller på at sitjande ungdomsråd held fram. Øystein kontaktar alternative varaar for å høyre om dei vil stille. Øystein skriv saka for formannskapet og kommunestyret.

22/9 Oppvekstplan for Øystre Slidre kommune

Bakgrunn for saka:

Kommunenens Oppvekstplan for 2023-26 er no ute på høyring. Ungdomsrådet skal koma med høyringssvar innan fristen, 7.oktober.

Behandling:

Ungdomsrådet såg igjennom framlegget til oppvekstplanen. Medlemmane vil studere denne vidare heime til neste møte, der ungdomsrådet vil koma fram til eventuelle innspel.

22/10 Aktuelle saker for 2022/23

Ungdomsrådet ynskjer å ta opp busstilbod som sak.

Ungdomsrådet ynskjer ta opp samanslåing av idrettslaga som sak

I haust vil ungdomsrådet prioritere høyringssvar til Oppvekstplanen, modell for forhandlingsmøtet og uteområde ved ØSUS.

Øystein Skattebu
Skrivar